

SAKSFRAMLEGG



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
22.3.2012	2012/3555	Morten Larsen

Saksnr	Utval	Møtedato
5/12	Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	28.3.2012

REGIONAL DELPLAN TANNHELSE – VEDTATT PLANPROGRAM

Bakgrunn

Fylkesutvalet vedtok i møte 26.3.2012, sak U-27/12, planprogrammet for Regional delplan tannhelse. Høyringsfristen vart sett til 12. mars 2012.

Regional delplan Tannhelse skal gjere greie for sentrale utviklingstrekk, utfordringar og strategiske vegval for den offentlege tannhelsetenesta i fylket. Tannhelse er eit av dei prioriterte områda for regional planlegging i utkast til regional planstrategi 2012–2016 (RPS). Regional delplan tannhelse vil bli lagt fram for sluttgodkjenning i fylkestinget i juni 2013.

Planprogrammet klargjer premissane for planarbeidet og beskriv opplegg for organisering, medverknad og framdrift i planarbeidet. Det er ei målsetting å skape brei forankring av planarbeidet gjennom høyring av planprogrammet og seinare gjennom involvering av eigen organisasjon og eksterne samarbeidspartar i planprosessen og i høyring av planforslaget til delplanen.

Utfordringane for tannhelsetenesta er store ved inngangen til planprosessen. Dagens organisering av den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal har i store trekk stått uendra dei siste ti-åra. Samtidig har det tannmedisinske fagfeltet gjennomgått ei rivande utvikling. Tannhelse blant folk er i betring gjennom auka satsing på førebygging. Samfunnsutviklinga har gitt andre rammeføresetnader på samferdsels- og kommunikasjonsområdet. Det har lenge vist seg vanskeleg å rekruttere og halde på tannhelsepersonell innanfor dagens organisatoriske rammer.

Vurdering

Planprogrammet har blitt sendt til alle kommunar, regionråda, spesialisthelsetenesta, regional stat, rådet for likestilling av funksjonshemma, elderrådet, likestillingsutvalet m.fl. Programmet er gjort kjent gjennom annonsering i dagspressa og har elles vore tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider. I høyringsbrevet har vi bedt høyringsinstansane om å ta stilling til om planprogrammet i tilstrekkeleg grad skisserar innhald i kommande plan, organisering av planarbeidet, korleis medverknad i planarbeidet skal sikrast og framdrift.

Som ledd i planprosessen har fylkestannlegen i januar og februar gjennomført distriktsmøte i alle 5 tannhelse-distrikt, der alle tilsette har blitt informert og fått høve til å gje innspel.

I høyringsperioden er det registrert følgjande innspel til planprogrammet.

- Rådet for likestilling for funksjonshemma har gjennom vedtak i sak FF 2/12 bedt om at rådet blir involvert i planprosessen på eit tidleg tidspunkt. Rådet poengterer at universell utforming er særleg viktig i den vidare prosessen, då tannhelsetenesta skal vere tilgjengeleg for alle innbyggjarane i fylket.

Kommentar: Universell utforming er eit av dei gjennomgåande perspektiva i fylkesplanen. Gjennom diskriminerings- og tilgjengelighetsloven er fylkeskommunen pålagt å ha universell utforming og fysisk tilrettelegging av sine tenester for å møte likestillingskravet for personar med nedsett funksjonsevne. Fylkestannlegen er opptatt av at dei offentlege tannklinikane skal ha ein standard som ivaretar lovkrava og fylkesplanens mål om universell utforming. Innspelet frå rådet for likestilling for funksjonshemma vil bli følgt opp i den vidare planprosessen, og fylkestannlegen foreslår at dette kjem til uttrykk gjennom eit nytt punkt i del 4 i planprogrammet ("kunnskaps- og utgreiingsbehov").

- Ein privatpraktiserande tannlege i Skodje tilbyr i brev til fylkestannlegen dat. 20.2.12 fylkeskommunen å ta over klinikken i Skodje sentrum.

Kommentar: Innspelet blir tatt til orientering. Fylkeskommunen har i dag ikkje offentleg tannklinikk i Skodje kommune. Med dagens ressursrammer er det uaktuelt å etablere fleire offentlege tannklinikkar i fylket. Strukturelle, organisatoriske og økonomiske utfordringar i tannhelsetenesta vil bli belyst i den kommande planprosessen.

- Arbeidstakarorganisasjonen Parat, som organiserer eit fleirtal av tannhelsesekretærene, etterlyser i eit innspel 2.3.2012 større fokus på arbeidet med å rekruttere tannhelsesekretærar.

Kommentar: Fylkestannlegen er opptatt av rekrutteringssituasjonen for alle fagprofesjonar i tannhelsetenesta. Ordlyden i pkt. 2.3 i planprogrammet knytt til bemanningssituasjonen blir justert, slik at ingen profesjonar blir utegløymd.

- Ørskog kommune har ikkje merknader til planprosessen, men poengterer i sitt innspel (dat. 10.3.2012) den offentlege tannhelsetenesta sitt bidrag i oppfølginga av St.meld. 35 "Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning". Kommunen er også opptatt av tannhelsetenesta si rolle som regional utviklingsaktør i samarbeidet om førebyggjande helsearbeid og som del av helsetenestetilbodet i alle delar av fylket og dei tannhelseutfordringane som følgjer av "eldrebølgja". Kommunen framhever i sitt innspel distriktstannklinikken i Ørskog "som eit positivt, stabilt og velfungerande tilbod som leverer gode tannhelsetenester til innbyggerane i regionen".

Kommentar: Kommunen sitt innspel bringer ikkje inn nye moment i planarbeidet, men viser til sentrale utfordringsområde som allereie er omtalt i planprogrammet i pkt. 3.1 "Betre tannhelse, men sosial ulikheit" og pkt. 3.2 "Regional utviklingsaktør på folkehelseområdet".

- Sande kommune har behandla planprogrammet i formannskapet 13.3.2012 og gitt følgjande fråsegn: *"Sande formannskap føreset*
 - *at Sande kommune som vertskap for distriktstannklinikken vert involvert på eit tidleg tidspunkt i prosessen*
 - *at prosessen har stort fokus på tiltak for å oppretthalde og styrke tannhelse med gode og lett tilgjengelege tenester for alle innbyggerane i fylket."*

Kommentar: Innspelet blir tatt til orientering. Det går fram av planprogrammet at strukturelle, organisatoriske og økonomiske utfordringar i den offentlege tannhelsetenesta vil bli belyst i den kommande planprosessen. Alle kommunar og regionråda vil bli involvert i planprosessen.

- Likestillingsutvalet har i møte 13.3.2012, sak LU 1/12, gjort slikt vedtak: *"Likestillingsutvalet viser til hovudtema i planarbeid (side 6) punkt 3.1 og det som er slått fast her om sosial ulikskap i tannhelse i Noreg. Vi ser at lovverket gir rettar til utsette grupper, men set spørsmåls-teikn ved om dette er tilstrekkeleg kjent og når ut til brukarane. Kven har ansvaret for å gi informasjon om rettane dei har? Utvalet ser det som eit mål at brukargruppene blir sikra nødvendig hjelp til å nyttiggjere seg tilbodet."*

Kommentar: Likestillingsutvalet kjem her med eit relevant innspel som vil bli følgt opp i den vidare planprosessen. Fylkestannlegen ser eit stort potensiale i å nytte informasjonsteknologi betre til kommunikasjon og informasjon om rettar etc. til brukargruppene. I den kommande planprosessen vil ein m.a. sjå på utvikling av fylkeskommunen sine egne nettsider for betre å gjere informasjon tilgjengeleg. Kommunikasjon mot kommunane for å gjere tilbodet kjent blant brukargruppene og for å sikre eit regelmessig og oppsøkande tilbod til alle blir i dag følgt opp gjennom samarbeidsavtalar med alle kommunane.

Det er ikkje registrert innspel til del 5 i planprogrammet, som beskriv organiseringa av planarbeidet. Fylkestannlegen ønskjer likevel at alle dei tre arbeidstakarorganisasjonane for fagprofesjonane i tannhelsetenesta (tannlegar, tannpleiarar og tannhelsesekretærar) skal vere representerte i prosjektgruppa. Det er også ønskeleg å utvide gruppa med ein representant frå fylkeskommunen si plan- og analyseavdeling. Endringane i samansetninga av prosjektgruppa blir innarbeidd i pkt. 5.1 i planprogrammet

Forslag til vedtak:

SAMU-T tar orienteringa om vedtatt planprogram for Regional delplan tannhelse til vitande.

Anthony N. Valen
Fylkestannlege

Morten Larsen
Kontorsjef